



Innkalling til Utval for levekår

Møtedato: 30.05.2017
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.00

Medlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside , slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Det vert synfaring ved Grasdal skule frå ca. kl. 16.00.

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---------|--|
| 42/2017 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 43/2017 | Godkjenning av møtebok |
| 44/2017 | Referatsaker |
| 45/2017 | Drøfte ytterligere tiltak for å hindre mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen (Workshop) |
| 46/2017 | Orientering prosjekt felles barnevern Meland, Lindås og Radøy |
| 47/2017 | NAV - orientering om aktivitetsplikt |
| 48/2017 | Alternative lokale for Meland bibliotek, frivilligsentralen og kulturadministrasjonen |
| 49/2017 | Orientering frå Meland heimeteneste |
| 50/2017 | Orientering - ernæring og måltid ved Meland sjukeheim |
| 51/2017 | Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Meland kommune |
| 52/2017 | Arbeidsgruppe ungdomstilbod |
| 53/2017 | Ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2017 |
| 54/2017 | Møteplan for Utval for levekår haust 2017 |
| 55/2017 | Aktuelle saker |

6. juni 2017

Sølvi Norunn Knudsen
møteleiar

Rita C. Kvalheim Sætre
sekretær

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------------|-------|------------|
| Rita C. Kvalheim Sætre | | 17/1107 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 42/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

«Innkalling og sakliste vert godkjent.»

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|-------|------------|
| Helge Kvam | | 17/1107 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 43/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Godkjenning av møtebok

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

«Møtebok vert godkjent.»

Sakspapir

| | | |
|------------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Rita C. Kvalheim Sætre | | 17/1107 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 44/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Referatsaker

Underliggende saker:

| | |
|------------|--|
| Saksnummer | Tittel |
| 44/2017.1 | Ny desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen |
| 44/2017.2 | Realfagskommuner - Tilsegnsbrev for utviding av perioden i pulje 2 |
| 44/2017.3 | Språk- og leseplan Meland kommune |

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

«Meldingane vert tekne til orientering.»

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------------|--------------------|------------|
| Reidun Elin Johannessen | FA - B08, TI - &76 | 17/1349 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 45/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Drøfte ytterligere tiltak for å hindre mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen (Workshop)

Vedlegg:

Program work-shop 30. mai 2017 i Utval for levekår

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok 29.03.2017 i sak nummer 35-2017 følgjande: «På ULK-møtet 30. mai skal politikarar og administrasjonen/rektorar drøfte ytterlegare tiltak for å hindre mobbing i skulen og at alle barn skal vere trygge på skulen (workshop)».

Vedlagt ligg program for workshop 30.mai 2017 inkludert deltakarar som er invitert.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Helge Kvam | FA - F40, FE - 026 | 17/968 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 46/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Orientering prosjekt felles barnevern Meland, Lindås og Radøy

Vedlegg:

Prosjektmandat felles barnevern Meland - Radøy - Lindås - Forprosjekt

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Administrasjon viser til vedlegg «Prosjektmandat felles barnevern Meland, Radøy og Lindås».

Hovudmål i forprosjektet er å greie ut ein modell for felles organisering av framtidig barnevernteneste for dei tre kommunane.

Leiar tenestemråde barnevern vil gje ei orientering om arbeidet i møte.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om prosjekt felles barnevern for kommunane Meland, Radøy og Lindås til orientering.»

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Helge Kvam | FA - X63 | 17/1195 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 47/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

NAV - orientering om aktivitetsplikt

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det har alltid vore mogeleg å stille krav om aktivitet for dei som mottar sosialhjelp. Frå årsskiftet vart reglane endra slik at det no skal stillast krav om aktivitet for alle under 30 år som mottar sosialhjelp.

Endringa ligg i [Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\)](#) paragraf 20 a. Endringane stiller og krav til kommunane om å kunne tilby nødvendig aktivitet.

NAV vil gje ei kort orientering om korleis ein har møtt endringa i lova. Aktuell presentasjon vert utdelt i møte.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar til orientering.»

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Kari Anne Iversen | FE - 614 | 17/1090 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| 48/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |
| 62/2017 | Formannskapet | PS | 31.05.2017 |

Alternative lokale for Meland bibliotek, frivilligsentralen og kulturadministrasjonen

Saksopplysningar: Bakgrunn

Rådhuset i Meland inneheld i stor grad kommunale tenester, t.d. legeteneste, NAV, PPT, psykisk helse- og rusteneste, helsestasjon, barnevern, vaksenopplæring, spesialpedagogar, frivilligsentral m.m. Desse tenestene har auka i omfang dei siste åra, - som ein naturleg konsekvens av folketalsauken i kommunen. Rådhuset har difor p.t. ikke ledig kapasitet, og saka om alternative lokale for Meland bibliotek, frivilligsentralen og kulturadministrasjonen har såleis bakgrunn i behovet for areal til utøving av kommunale tenester.

Behov for kontorplass til nyoppretta kommunepsykologstilling

Gjennom budsjettvedtak for 2017 vart det sett av midlar til opprettinga av ei 100% fast kommunepsykologstilling, der finansieringa er delt mellom statleg tilskot og kommunale midlar. Med bakgrunn i plassproblema på rådhuset har administrasjonen vurdert om det kunne vere aktuelt å finne eksterne løysingar for andre tenester og såleis frigjere kontorplass til denne stillinga på rådhuset.

Kommunepsykologstillinga er organisatorisk lagt til psykiske helse- og rusteneste, under tenestområdet Helse. Psykisk helse- og rusteneste disponerer i dag kontor i 2. etasje på Rådhuset (tidlegare kyrkjekontoret), pluss eit kontor i 1. etasje (ved sidan av dagens kulturadministrasjon) som dei nyttar til samtalerom m.m. Avdelinga har stor grad av kontordeling og nyttar også Sjursethuset til ulike aktivitetar. Det er svært viktig at kommunepsykologstillinga vert samlokalisert med psykisk helse- og rusteneste. Kontoret må vidare vere eit aleinekontor og helst lydisolert. Dersom kulturadministrasjonen og frivilligsentral kan få ei ekstern kontorløysing, vil psykisk helse- og rusteneste kunne overta deira kontor, og rekrutteringsprosessen på kommunepsykolog kunne då kome i gang.

Tenestemråde kultur sine behov

Det har over tid vore kjent at Lingjerde Eiendom as har ledig lokale på gateplan i deira bygg og kommunen har fått eit uformelt tilbud om å leige dette lokalet til bibliotekføremål, samstundes som

kommunen beheld dagens lokale i 2. etasje.

Tenesteområde kultur disponerer i dag tre lokalitetar: Kulturskulen i Meland Aktiv, Meland bibliotek i Lingjerdebygget og Frivilligsentralen og kulturadministrasjonen i rådhuset.

Kulturskulen har tenlege lokale, på totalt 330 m² i Meland Aktiv. Lokala er godt tilpassa skulen si undervisning, plasseringa er god saman med skule og idrettsanlegg og leiga er ei viktig inntekt for drifta av stiftinga. Ein manglar gode undervisningslokale for kunst, men dette skal det verte lagt til rette for i Meieriet i sambruk med andre.

Kulturadministrasjonen disponerer tre kontor i rådhuset, lokalisert ved resepsjonen/helsestasjonen. Kontora er moderne og gode, og med lett tilgjenge for besøkande. Kontora er plasserte saman med andre tenester, som nokre gongar skapar utfordringar med tanke på brukarar av helsetenester/barnevern og den opne tilgangen til kultur. Frivilligsentralen manglar eigne lokale som kan fungere som møterom for frivillige, og kultur manglar lager til mellom anna turskilt, tavler og diverse utstyr til aktivitetar. Kontora har ikkje nær tilgang på vatn eller tekjøkken.

Meland bibliotek si hovudavdeling på Frekhaug er lokalisert i 2. etasje i Lingjerdebygget, og disponerer kring 350 m². Leigeavtalen gjekk ut 2016, og må fornyast. Biblioteket vart oppgradert i 2016, med mellom anna fleire nye reolar, sjølvbetening, *meiroppe* tilgang, utlånsdesk og nye sittegrupper – med svært positive tilbakemeldingar frå brukarar og bibliotekstilsette.

Årsverk og personalsituasjon ved Meland bibliotek

Bibliotekplan for Meland kommune 2017–2020 peiker på fleire ulike forhold ved drifta. Biblioteket har 2,7 årsverk fordelt på fem tilsette. I tillegg kjem 0,2 årsverk er til drifta av Rosslund filial. Lokala har betening fem dagar i veka og har vore *meiroppe* frå april 2016, med sjølvbetening og tilgang mellom klokka 08-22 på kvardagar og noko kortare i helgene. Biblioteket har gått inn i eit tett samarbeid med Knarvik bibliotek gjennom *Strilabiblioteket*, og Frekhaug bibliotek er med dette hovudavdeling for skjønnlitteratur for kring 23 500 innbyggjarar. *Meiroppe* er eit godt supplement og gjer at folk kan nytte seg av biblioteket i større grad, men ordninga erstattar ikkje personale til rettleiing, formidling og å kunne aktivt trekke inn ulike grupper.

Meland har ein bibliotekar per 3 000 innbyggjarar, noko som er halvparten av tilrådd nivå. I dette ligg det at biblioteket har høve til å levere klassiske kjernetenester, men ikkje å oppfylle endringa i biblioteklova om samfunnsoppdraget som møteplass for offentleg samtale og debatt, samt å sørgje for formidling og inkluderande opplevingar. Personalsituasjonen er svært sårbar både ved kort- og langtidsfråvær, då tilfanget av vikarar er lågt.

Besøk og utlån

Besøket ligg noko under gjennomsnittet i Hordaland med 1,5 mot 4,5 besøk i året per innbyggjar. Ein har stoppa nedgangen, men ligg enno svært lågt på kring 2/3 av 2011-nivå. Det har vore oppunder 1 400 unike besøk i det *meiroppe* tilbodet, med ein gradvis auke over tid. Utlånet til vaksne er i vekst tilbake mot 2012-nivå, truleg grunna det nye *Strilabiblioteket*, mens utlånet til barn gradvis går nedover. Ein ligg lågare enn gjennomsnittet på bok- og medieinnkjøp.

Bibliotekplanen legg opp til ein rekkje tiltak for å auke aktiviteten, og peiker mellom anna på ulike punkt gjeldande bibliotekslokala.

Arealsituasjon

Utlånet utgjer i underkant av 300m², medan kontor, personalrom, arbeidsrom og magasin utgjer kring 50 m². Utlånsarealet fungerer godt etter dei siste oppgraderingane, som eit til ein viss grad

klassisk biblioteklokale med somme moderne funksjonar. Bibliotekplanen og faglege tilrådingar peiker på at det er viktig å leggje til rette for eit bibliotek for framtida med luftige lokale og trykk på aktivitet og inkluderande opplevingar, der funksjonar er spreidd i lokalet blant låge bokhyllar.

Ungdomsavdeling

Ungdom har ikkje ein eigen plass å studere, lese og opphalde seg. Dette er ofte eit godt besøkt tilbod på mange sentralt plasserte bibliotek, der mange ungdom finn informasjon, gjer leksar og kan treffast.

Barneavdeling

Biblioteket si barneavdeling manglar plass til spel, formidling og aktivitetar. Særleg med *meiroke* bibliotek ønskjer mange foreldre å gå saman med barna sine på biblioteket, og ei god, trygg og tilrettelagt avdeling er viktig for både besøk og tidsbruk.

Sitjeområde og studieplassar

Biblioteket si rolle som studie- og arbeidsplass er svært viktig. Gode forhold for elevar, studentar og gründerverksemd førar til høgare bruk av lokala, særleg med *meiroke* tilgang. Gode sitjeområde spreidd i lokalet er gode møte- og studieplassar for lokalsamfunnet. I tillegg erfarer ein at for få og tronge sitjeplassar gjer at besøkande «snur i døra», sjølv om det er ledige plassar.

Magasin, lokalsamling og fotoarkiv

Biblioteket har eit relativt lite magasin og har utfordringar i å fylle rolla som skjønnlitterært hovudbibliotek for Meland og Lindås kommunar. Ein må kassere bøker som burde vore tilgjengelege for utlån og ein må også redusere tal på utgåver innan populære titlar. Lokalsamlinga er eit viktig ansvar for biblioteket, men manglar visse tryggingstiltak. Fotosamlinga til kommunen på vel 4 000 bilete er organisert av Meland sogelag saman med den like store privatsamlinga. Biletarkivet har ikkje god nok plass og er i ein sårbar situasjon. Det er viktig å ta vare på den store fotoskatten i Meland, som per i dag ikkje har tilfredsstillande forhold.

Utstillingsplass

Biblioteket husar fleire utstillingar, men har trong for areal lagt til rette for føremålet.

Kontor, arbeidsrom og personalrom.

Biblioteket manglar eitt kontor og bruker personalrommet til arbeidsplass. Arbeidsrommet er svært trangt.

Plassering av bibliotek i samanheng med andre tilbod

Plasseringa av biblioteket er svært viktig for bruken av tilbodet. Erfaringar frå bibliotek som har vorte plassert langs ei hovudgate, ved eit torg eller annan sentral plass, viser at besøkstalet har auka betydeleg. Etter at Knarvikbiblioteket flytta frå Reikeråsbygget, nordaust for kollektivterminalen langs E39, til senteret, har besøket auka frå 300 til 1 500 i veka. Fleire kommunar har flytta biblioteket til lokale i utkanten av kommunesenteret og opplevd tilsvarande nedgang i besøk. Eit over gjennomsnittet godt besøkt bibliotektilbod er avhengig av at det er tilgjengeleg for den kvardagslege bruken, der ein kan stikke innom mellom andre ærend, mens ein ventar og der mange ferdast forbi frå skule eller jobb. I tillegg er det å vere synleg heilt avgjerande, og plassering på gateplan er ein avgjerande faktor for høge besøkstal.

Dagens plassering

Biblioteket vil framleis vere på eit nivå ein kan forvente utifrå føresetnadane, med utfordringar knytt til breidda i tilbodet. Lokalisert i 2. etasje vert biblioteket stadig litt usynleg og tilgjenge er ikkje så gunstig som det ville vere med lokalisering på gateplan. Arealet har totalt sett ikkje fasilitetar og plass

til eit fullverdig bibliotekstilbod.

Flytting av biblioteket til første etasje på Lingjerdebygget

Om ein vel å flytte verksemda ned på gateplan vil ein få eit mykje meir synleg og tilgjengeleg tilbod, sentralt plassert på Frekhaug på ein plass mange passerer i kvardagen. Tiltaket vil kunne trekke føremonar frå utomhusplanen. Som vist til tidlegare i vurderinga, kan ein i tilfelle vente auke i besøkstala. Lokalet er rapportert å vere på kring 340 m², men endeleg avklaring må gjerast sidan dette talet kan inkludere areal som ikkje er tilgjengeleg. Tiltaket vil krevje tilpassingar i lokalet.

Lokala har ikkje vindaug i bak-kant og ein kan ikkje etablere kontor eller løyse utfordringa med manglande magasinplass. Elles vert funksjonane som i dag, men med trongare forhold. Lokalisering på gateplan aleine vil medføre at ein må finne kontorplassar og personal- og arbeidsrom andre stader, og at biblioteket ikkje kan driftast på ein tilfredsstillande måte. Det vert vurdert til at Frekhaugbiblioteket ikkje kan oppfylle si rolle i *Strilabiblioteket* med berre dette lokalet tilgjengeleg, og at driftsnivået vil verte på nivå med spesialbibliotek/filialfunksjon.

Flytting av utlåns- og aktivitetsbiblioteket til første etasje, etablering av kulturbase i dagens lokale

Ved dette alternativet kan ein flytte utlånet, *meiroppe*, sitjegrupper, studieplassar og aktivitets- og møteplassfunksjonar ned på gateplan i bygget og hauste føremoner av av ei svært synleg og sentral plassering. Her vil det truleg verte nok plass til å styrke barne- og ungdomstilbodet, og dei mest etterspurde tilboda kan ha fokus på gateplan.

I 2. etasje vil ein kunne vidareføre og utvide magasinet, lokalsamlinga og fotoarkivet, og med det utvide bokutvalet og frigje utlånsareal. I tillegg kan ein få plass til å betre forholda for bibliotekarane ved å etablere eit ekstra kontor og større arbeidsrom. For publikum kan ein etablere eigne aktivitetsrom, litteraturfunksjonar, fleire studierom og møterom. Denne kombinasjonen vil gje høve til å ha eit fullverdig bibliotekstilbod.

Alternativet legg opp til at ein flytter kulturadministrasjonen og frivilligsentralen til dagens biblioteklokale og etablerer ein kulturbase her. Det samla bibliotekarealet vil med det ikkje inkludere det totale arealet i dei to lokala, men biblioteket vil samla sett få større areal.

I tillegg til dei nemnde aktivitetane som biblioteket vil kunne halde på og utvide i dagens lokale, vil ein for kulturtenesta kunne etablere kontorplassar, møterom, lager og gjestekontorplass for engasjerte medarbeidarar og arbeidsbesøk frå kulturskulerektor. Til sist vil ein kunne etablere ein stor frivilligsentral, som ein tilrettelagt, inkluderande og tilgjengeleg møteplass mellom kommunen og frivillig sektor.

Tiltaket vil krevje tilpassingar og medføre ein auke i leigekostnadar, men vil bidra til å frigjere kontorareal i rådhuset, etablere eit fullverdig bibliotekstilbod og ein inkluderande kulturbase, med føremoner frå tettare fag- og kulturdriftssamarbeid i ei avdeling som er svært spreidd i dag.

Samla vurdering

Slik rådmannen ser det vil det vere ei god og framtidretta løysing å utvide dagens bibliotekareal i Lingjerde-bygget slik det gjort greie for i saka. Lokalisering midt i Frekhaug Senter vert vurdert som svært gunstig. Det er også svært viktig å få rekruttert til kommunepsykologstillinga. Eit alternativ til å frigjere dei kontora som i dag husar frivilligsentral og kulturadministrasjon vil vere å avvente utflytting av barneverntenesta, jf. prosjektet Felles barnevernteneste i Lindås, Meland og Radøy.

Konkret oppstart av dette prosjektet er sett til haust 2018. Med bakgrunn i kommunestyret sitt budsjettvedtak med fullfinansiering av kommunepsykologstillinga for 2017 vil det vere uheldig dersom ein må vente så lenge med å få på plass kommunepsykologstillinga.

Svært mange av dei avgjerslane kommunen tar i dag vil få innverknad på situasjonen etter at ny kommune er etablert frå 01.01.20. Dette vil t.d. gjelde for biblioteket. På den eine sida kan det synest dristig å satse på nye/utvida leigetilhøve i ei tid då mange tenester skal få ei ny organisering og lokalisering om berre få år. Samstundes er Frekhaug definert som eit lokalsenter i intensjonsavtalen for ny kommune, og det skal i samsvar med denne avtalen også leggjast til rette for vekst og utvikling i dei dei ulike lokal- og nærsentra. Når det gjeld det alternativet som omhandlar eventuelt eit heilt nytt bibliotek i det planlagde kyrkje/kulturhuset, vert det vist til eiga politisk sak om dette.

Utvida leigeareal Lingjerde-bygget vil ha økonomiske konsekvensar. Ettersom det p.t. ikkje er ført reelle forhandlingar med eigar, er det vanskeleg å fastslå heilt konkret sum. Vi har imidlertid ein viss rettesnor i dagens leigeavtale for 2. etasje, ettersom dei to areala er nokså like i tal m2. Etter gjeldande husleigeavtale for biblioteket betaler kommunen kr 58 200 per mnd. Dette er inkl. fellesutgifter. Det vil kunne vere realistisk at kulturkontora på rådhuset er frigjort til anna bruk i september/oktober, og husleige for 2017 vil då kunne dekkast inn over tenesteområde Helse sitt budsjett. For 2018 vil utgiftsramma måtte utvidast. Når det gjeld eventuelle utgifter til bygningsmessige tilpassing av lokala, så er dette p.t. ikkje analysert. Dersom det handlar om mindre tilpassingar, kan det ev. utførast av kommunen sine eigne folk. Dersom det må gjerast litt meir omfattande endringar kan ei mogleg løysing vere at huseigar utfører desse, men at det då vert gjenspegla i husleiga.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: Det er gjort greie for dei økonomiske konsekvensane under Samla vurdering.

Konklusjon

Med bakgrunn i ei samla vurdering av kva som vil vere tenlege løysingar både for tenesteområde helse og tenesteområde kultur vil rådmannen tilrå at det vert innleia drøftingar med eigar av Lingjerde-bygget med tanke på leige av arealet på gateplan. Leigeavtale for 2. etasje vert vidareført. (Denne må uansett fornyast)

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet godkjenner at administrasjonen innleier forhandlingar med eigar av Lingjerde-bygget om leige av ledig lokale på gateplan, samstundes som gjeldande avtale for 2. etasje vert fornya.»

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Helge Kvam | FA - F21 | 17/1114 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 49/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Orientering frå Meland heimeteneste

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Leiar tenestemråde heimetenesta vil gje ei orientering om status innan tenesteytinga.

Aktuell presentasjon vert utdelt i møte.

Vurdering

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om status innan heimetenesta til orientering.»

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Helge Kvam | FA - H12, TI - &65 | 17/1115 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 50/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Orientering - ernæring og måltid ved Meland sjukeheim

Vedlegg:

Spørjetime 14-12-2016, svar (L)(268965)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Administrasjon viser til ordførar sitt svar i spørjetime i kommunestyret den 14.12.16 (vedlegg).

Leiar for tenesteområdet Meland sjukeheim vil saman med kjøkkensjef orientere utvalet om status for arbeid med ernæring og måltid.

Aktuell presentasjon vert utdelt i møte.

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon om status for arbeid med ernæring og måltid ved Meland sjukeheim til vitande.»

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Helge Kvam | FA - H12 | 17/1113 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 51/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |
| | Kommunestyret | PS | |

Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Meland kommune

Vedlegg:

Uttale - Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester

Lovendring om rett til opphold i sykehjem eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for heldøgns tjenester - kriterier og ventelister (L)(283103)

ULK sak 21 2017 - Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Meland kommune – kriterier og ventelister (L)(295730)

Høyring - Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Meland kommune (L)(295606)

Høyringsnotat til Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester (L)(295607)

Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Meland kommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til saksutgreiing jamfør Utval for levekår sak 21/2017 (vedlegg).

Stortinget vedtok 13. juni 2016 endring i [Pasient- og brukerrettighetslov](#) samt i [Helse- og omsorgstjenestelov](#) om rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester. Kommunen er her pålagt å utarbeide kommunale kriterie for tildeling av nemde type opphald samt tildeling av plass på venteliste.

Det er no utforma kommunal forskrift med iverksetting frå og med 01.07.2017. Nemde forskrift har vore på høyring i perioden 24.03 – 10.05.2017.

Det har kun kome uttale frå Eldreråd (vedlegg). Denne går ikkje direkte går på innhald i

høyringsutkast, men har merknad ved innføring av framtidig statleg forskrift om tema.

Vurdering

Kommunen har ansvaret for å sørge for kommunale helse- og omsorgstenester, og det er ein føremon at tildelingsprosessar for enkeltvedtak er kjent og forutsigbar. Kommunal forskrift om rett til langtidsopphald skal gje tryggleik for at den einskilde sine tenestebehov vert sett og vurdert, samt at tilbod om langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarande bustad er tilgjengeleg når behov oppstår.

Tenestemottakar skal ha krav på naudsynte og forsvarlege tenester uavhengig om ein står på ei venteliste eller ikkje. Vidare skal sakshandsaming følgje forvaltningslova sine reglar, samt dei krav som gjeld om klage som følgjer av pasient- og brukarrettighetslov.

Framlegg til kommunal forskrift avviker ikkje frå gjeldande praksis om beste effektive omsorgsnivå ved tildeling av tenester og ressursinnsats. I tillegg legg ein til grunn målsetting i gjeldande kommuneplan 2014-2025 som seier at omsorgstenester skal ytast i eigen heim så lenge den einskilde ønskjer det og det er fagleg forsvarleg.

Høyringsperiode gav ikkje merknader eller endringsframlegg til høyringsutkast. Rådmann har imidlertid utført ei mindre endring/presisering i § 6 under punkt c) relatert til prioritering. Punkt i høyring var « Ved tildeling vil ein særskilt legge vekt på: a. personar med stort/omfattande hjelpebehov der naudsynt kompetanse og utstyr for å sikre helseoppfølging og behandlingar kun kan gjevast ved sjukeheim eller tilsvarande bustad». Dette er no endra til: «Ved tildeling vil ein særskilt prioritere : a. personar der omfanget av hjelpebehovet er stort/omfattande, og det er behov for naudsynt kompetanse og utstyr som er vanskeleg å leggja til rette for i heimen»

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

Konklusjon

Rådmann tilrår at kommunestyret godkjenner kommunal forskrift slik den ligg føre jamfør skriv datert 18.05.17 (vedlegg).

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Meland kommune jamfør skriv datert 18.05.17 (vedlegg).

Kommunal forskrift trer i kraft frå og med 01.07.17.»

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Eirik Bouwer Utne | | 17/1341 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 52/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Arbeidsgruppe ungdomstilbod

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I ULK-25/2017 vart det gjort vedtak om at ein skulle følgje opp arbeidet med arbeidsgruppe for tilbod til ungdom, «*Utval for levekår tek orienteringa til vitande, og føreset at arbeidet med fritidsklubb vert arbeidd vidare med i tråd med vedtak i kommunestyret i sak 140/2015 og i ULK i sak 41/2016.*»

Vedtaka i nemnde saker er

KS-140/2015:

«...200.000 til fritidsklubb Frekhaug. Føresetnad, arbeidet må i all hovudsak skje i regi av friviljuge lag og organisasjonar...

...Kommunestyret vil ha eit ekstra fokus på oppvekstvilkår, og vil difor arbeida for å styrkja tenester for barn og unge. Rådmannen blir beden om å søkje om prosjektmidlar til tiltak knytt til dette - til dømes kommunepsykolog, ungdomskoordinator og liknande...»

ULK-41/2016:

"Utval for levekår ber administrasjonen vurdere å bruka av dei avsette midlane til fritidsklubb (jamfør KS-sak 140/2015) for å tilsetja/engasjere ein prosjektkoordinator for å hjelpa til med oppstart av eit slikt tilbod.

Utvalet ynskjer at det vert oppretta ei arbeidsgruppe som skal arbeide vidare med dette. Arbeidsgruppa skal ha to representantar frå Ungdomsrådet, ein representant frå Utval for levekår og representantar for ungdomslaga, kyrkja og evt. andre samarbeidspartnarar. Representant for Utval for levekår er Stian Lavik (KrF) og Thomas H. Wallem (H) er vara."

Vurdering

I etterkant av vedtaka er det tilsett kultur-og ungdomskonsulent i 70% stilling, med ungdomskoordinatorfunksjon i halvparten av stillingstorleiken. Det er søkt prosjektmidlar på utviding av stillinga frå BufDir. Søknaden vart innvilga og dekker opp til 100% stilling ut 2017. Dette

gir høve til ekstra innsats i oppstarten av tilbud for ungdom, og det er stort behov for auka ressursar.

Tenestekområdet har, som eit midlertidig tiltak i påvente av ferdigstilling av Holsnøy meieri til kulturføremål, tatt i bruk lokale over Max Fitness i Frekhaug senter. UngMeland er namnet på denne ungdomsbasen, som ein paraply for aktivitetar for, med og av eigenorganisert ungdom i kommunen. Ungdomsbasen kan samanliknast med ein sentral, som skal bidra med eigne aktivitetar, byggje miljø, inkludere ungdom, skape medverknad, vere ressurs og medspelar for organisasjonslivet og eit knutepunkt mellom kommunale tenester, ungdom og frivillig sektor. Arbeidet har eit langsiktig perspektiv og er ytterlegare festa i samfunnsdelen av kommuneplanen og strategimåla for tenestekområdet.

UngMeland-basen er open kvar tysdag og torsdag etter skuletid og annakvar fredag ettermiddag og tidleg kveld. Det er etablert klubbstyre og arrangementsstyre, og Meland ungdomsråd og Unge Arrangørar er ein viktig part i drifta. I tillegg er det ein person på arbeidspraksis på staden.

Av aktivitetar utanfor sjølve basen i Frekhaug senter kan nemnast Open Hall i Meland Aktiv, som vil verte eit regelmessig tilbud med tilskot frå Hordaland fylkeskommune, og det planleggast for aktivitetar i Rosslandrinsan i samspel med lokale organisasjonar og skulen, samt leksehjelp for ungdom i ulike skulekrinsar. Ungdom er sjølv viktige frivillige i arbeidet, og det har vore uformelle møte med fleire lag og organisasjonar om saksfeltet.

Arbeidsgruppe tilbud til ungdom

Utval for levekår har etterspurt om oppstart av arbeidsgruppe i sitt vedtak i ULK-25/2017. Administrasjonen kan stille med møtesekretærressurs, som vil kalle inn til møte og skrive referat. Gruppa vil rapportere tilbake til Utval for levekår.

Før gruppa vert samla bør samansetjing, forventingar, mål og arbeidsoppgåver klargjerast. Mellom anna må ein ta avgjerd om kor mange representantar som skal stille frå *ungdomslaga, kyrkja* og tilsvarande frå *evt. andre samarbeidspartnarar*. Aktuelle partar må varslast om oppstart og få velje representantar.

Meland Ungdomsråd gjorde vedtak i sak UR-30/2016: *«Ungdomsrådet ønskjer to representantar inn i ei eventuell arbeidsgruppe. Det vart halde val, og Susanne Slettebakken (Rossland ungdomsskule) og Jonas Askeland (Rossland ungdomsskule) var einstemmig valde»*

Ungdomsrådet har over tid uformelt etterspurt kva for rolle arbeidsgruppa skal ha, og det vart i samband med denne saka sendt formell førespurnad til leiar Silje Nordal om ei klargjering i høve saka.

Arbeidsutvalet i rådet, beståande av leiar og 1. og 2. nestleiar, har svart følgjande i e-post den 21.5.2017:

«Ungdomsrådet ser ikkje eit behov for opprettelse av arbeidsgruppa, ettersom vi meiner den kjem til å få manglande arbeidsoppgåve. Ung Meland er starta opp, og vi meiner Ung Meland og andre organisasjonar som tilrettelegger fritidstilbod for ungdommar i kommunen kan oppretta samarbeid på eige initiativ uavhengig om det finnes ei slik arbeidsgruppe.»

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Ikkje vurdert særskilt i saka

Konklusjon

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak, der ein kan om ønskjeleg stille opp mål og arbeidsoppgåver til arbeidsgruppa, og ta stilling til tal på representantar frå ungdomslaga, kyrkja og evt. andre samarbeidspartnarar. Gruppa vil verte kalla inn ved første høve når aktuelle partar har valt representantar.

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Eirik Bouwer Utne | FE - 223 | 16/2876 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 53/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2017

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Dei ålmenne kulturmidlane og tilskot til drift av idrettsanlegg i Meland kommune er oppe til handsaming for 2017. Kulturmidlane har vore lyst ut i Strilen, kommunen sine Facebook- og heimesider og Oppslagstavla for Meland på Facebook. I tillegg vart informasjon sendt til lag i kommunen via e-post.

Det er komne inn 76 søknadar fordelt slik:

| Kategori | <u>2017</u> | <u>2016</u> | <u>2015</u> | <u>2014</u> | <u>2013</u> |
|-------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Andre lag | 17 | 19 | 18 | 16 | 10 |
| Barne- og ungdomsarbeid | 13 | 15 | 12 | 13 | 12 |
| Forsamlingshus | 11 | 8 | 8 | 8 | 3 |
| Friluftsliv | 5 | 3 | 2 | 2 | - |
| Idrett | 9 | 10 | 8 | 9 | 7 |
| Kulturminnevern | 4 | 6 | 8 | 2 | 2 |
| Leikeplassar | 7 | 4 | 4 | 3 | 2 |
| Song og musikk | 10 | 10 | 10 | 10 | 6 |
| Total | <u>76</u> | <u>75</u> | <u>70</u> | <u>63</u> | <u>42</u> |

Innstillinga har vore til uttale hos Meland idrettsråd, som har komme med innstilling til *tilskot til idrettslag* og *tilskot til drift av idrettsanlegg*. Meland ungdomsråd hadde innstillinga til uttale i møte den 11.05.2017, med merknad *Ungdomsrådet stiller seg bak innstilling slik den står med unntak for ein merknad: at "Gratis norskurs og språk kafé" hos Meland Sogn skal få eit større tilskot til arbeidet med språkopplæring ettersom at Ungdomsrådet meier det er ein viktig del av integreringa i kommunen.*

Vurdering

I 2017 er det til fordeling kr 1 555 000. I vurderinga av søknadane er det lagt vekt på faste tiltak som blir drivne heile året. Tiltak retta mot barn og unge blir prioritert og aktivitetar og tiltak går framfor drift. Tilskot til tiltak for denne aldersgruppa er spreidd på fleire ordningar utover *Tilskot til barne- og ungdomsarbeid*, og aldersgruppa er prioritert i alle tilskotsgrupper, sett bort frå *Tilskot til kulturminnevern*. Innstillinga frå Meland idrettsråd og merknaden frå Meland ungdomsråd er tatt omsyn til.

Retningslinene for tildeling av kulturmidlar i Meland kommune blei sist revidert i møte i Utval for levekår den 17.02.2015, ULK-10/2015. Vi oppmodar tilskotsmottakarane om å undersøkje dei generelle vilkåra for tildeling av kulturmidlar i den omtala saka, som ein kan finne på kommunen sine nettsider, med arkivsak-ID 15/289. Innsendt eller ettersendt årsmelding/rekneskap eller utfylling av rekneskap i søknadsskjema er minimumskrav til dokumentasjon for å kvalifisere for tilskot.

| Kategori | Søknadssum 2017 | Til fordeling 2017 | Søknadssum 2016 | Til fordeling 2016 |
|-------------------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------|
| Tilskot til andre lag | 224 375 | 124 000 | 319 599 | 153 000 |
| Tilskot til barne- og ungdomsarbeid | 178 000 | 57 500 | 155 308 | 76 500 |
| Tilskot til drift av idrettsanlegg | 650 000 | 650 000 | 650 000 | 650 000 |
| Tilskot til forsamlingshus | 439 312 | 157 500 | 559 000 | 122 500 |
| Tilskot til friluftslivstiltak | 219 200 | 97 500 | 60 000 | 40 500 |
| Tilskot til idrettslag | 129 909 | 120 000 | 120 000 | 120 000 |
| Tilskot til kulturminnevern | 175 000 | 140 000 | 237 000 | 95 000 |
| Tilskot til leikeplassar | 78 800 | 57 500 | 50 000 | 40 000 |
| Tilskot til song og musikk | 214 000 | 151 000 | 245 000 | 139 000 |
| Total | <u>2 308 596</u> | <u>1 555 000</u> | <u>2 395 907</u> | <u>1 436 500</u> |

Innstilling til tildeling av dei ålmenne kulturmidlane for Meland kommune 2017:

Tilskot til andre lag:

| Søkjjar | Tiltak | Søknadssum | Tilskot | Kommentar |
|------------------------------------|--|------------|---------|-----------------------------------|
| Fløksand Grendalag | Drift, aktivitetar | 10 000 | 8 000 | |
| HLF Nordhordland | Forebyggingsarbeid | 12 000 | 5 000 | |
| Kystsogedagane på Holmeknappen | Gjennomføring av årets arrangement | 25 000 | 25 000 | |
| LHL Meland | Sommartur og julebord | 10 000 | 5 000 | |
| Meland Helselag | Jubileumsfest 100 år | 22 000 | 15 000 | |
| Meland Helselag | Jubileumshefte 100 år | 10 375 | 10 000 | |
| Meland Jazzkafe | Tilskipping av konsertserie | 10 000 | 10 000 | |
| Meland Sokn, open møteplass | Drift | 6 000 | 3 000 | |
| Meland Sokn, internasjonalt arbeid | Gratis norskkurs og språkkafe | 8 000 | 8 000 | |
| Mental helse Meland | Området rundt Sjursethuset | 15 000 | 0 | Kommunalt område, andre ordningar |
| Midtre Holsnøy Grunneigarlag | Utgifter i samband med reguleringsfiske | 6 000 | 2 000 | |
| Musikkens venner Nordhordland | Konsertserie | 15 000 | 7 000 | |
| Myrtveit Bygdehus | Leikeutstyr, utstyr, drift | 5 000 | 5 000 | |
| Nordhordland Husflidslag | Aktivitetar, utstyr, opptrykk | 10 000 | 6 000 | |
| Norges Handikappforbund | Utflukt med kulturelt tilsnitt | 40 000 | 5 000 | |
| Rossland bedehus, indremisjon | Aktivitetar | 10 000 | 10 000 | |
| Tore Eugen Hansen | Midlar til kulturelle opplevingar med assistent til Spania | 20 000 | 0 | Utanfor verkeområde |

Tilskot til barne og ungdomsarbeid:

| | | | | |
|--------------------------|------------------------------------|--------|-------|--|
| B-tween | Forebyggande arbeid, trusopplæring | 5 000 | 2 500 | |
| Husebøkrinsen Bygdelag | Barne- og ungdomskveldar, utstyr | 8 000 | 5 000 | |
| Kongebarna | Trusopplæring, aktivitetar | 8 000 | 2 500 | |
| Meland Sokn, Løvegjengen | Søndagsskule | 10 000 | 6 000 | |
| Meland Sokn, møteplassen | Møteplassen Ungdom | 5 000 | 5 000 | |
| Nordhordland Turlag | BaseCamp 2017 | 18 000 | 5 000 | |
| Rosslandsvåg | Aktivitetar, handverk | 7 000 | 3 500 | |

| | | | | |
|-------------------------------|--|--------|--------|---------------------|
| arbeidsstove | | | | |
| Sagstad Kristelege Ungdomslag | Nytt trommesett, utstyr til biljard/bordtennis | 25 000 | 10 000 | |
| Team Flatøy 4H | Telt/lavvo | 8 000 | 5 000 | |
| UL Solglytt | Arrangement, familiar, barn, ungdom | 15 000 | 5 000 | |
| UL Varden | Setje i stand diskolys | 50 000 | 0 | Tak vert prioritert |
| Uno | Trusopplæring, utstyr | 3 000 | 3 000 | |
| Yngres, Frekhaug bedehus | Aktivitetsutstyr | 15 000 | 5 000 | |

Tilskot til forsamlingshus:

Særskilte føresegn: Tilskotet skal rapporterast med innsendt rapport med frist 01.12.2017. Dersom dette ikkje er mogleg skal det sendast søknad om utsetting til tenestemråde kultur i god tid før frist. Tilskotet vil verte krevd betalt tilbake om ikkje godkjend rapport leverast.

| | | | | |
|---------------------------------------|---|-------------------|------------------|---------------|
| Flatøy Bygdelag | Utbetre kjøkken, steamer | 20 000 | 12 500 | |
| Frekhaugmarka vel | Lite vellagshus, reiskapsbod ved bingen | 40 000 | 0 | |
| Husebøkrinsen Bygdelag | Diverse arbeid ved Nordavinden i Sætrevikskrysset | 16 000 | 10 000 | |
| Husebøkrinsen Bygdelag | Diverse arbeid ved Nordavinden i Sætrevikskrysset | 31 000 | 0 | Dobbel søknad |
| Meland Musikklag | Oppgradering, vedlikehald Musikkhallen | 50 000 | 10 000 | |
| Stiftinga Nordgardsløa | Overbygg varmpumpenaudutgang | 25 000 | 20 000 | |
| Ungdomslaget Framsteg | Vedlikehald, fuktproblem toalett | 20 000 | 20 000 | |
| Ungdomslaget Solglytt | Oppgradering av kjøkken | 15 000 | 15 000 | |
| Ungdomslaget Varden | Rehabilitering av tak | 94 500 | 30 000 | |
| Ungdomslaget Von Nordre Austebygd vel | Oppgradering av kjøkken Lagerbod Gaustad skulehus | 100 000 27 812 | 25 000 15 000 | |

Tilskot til friluftslivstiltak:

Særskilte føresegn: Tilskotet skal rapporterast med innsendt rapport med frist 01.12.2017. Dersom dette ikkje er mogleg skal det sendast søknad om utsetting til tenestemråde kultur i god tid før frist. Tilskotet vil verte krevd betalt tilbake om ikkje godkjend rapport leverast. Det er ein føresetnad at skriftleg godkjenning frå grunneigar(ar) er henta inn i forkant av arbeidet.

| | | | | |
|----------------|--------------------|--------|--------|--|
| Bygdefolket på | Tilrettelegging og | 80 000 | 30 000 | |
|----------------|--------------------|--------|--------|--|

| | | | | |
|--|---|--------|--------|--|
| Hjertås, ved Margrete Hellestvedt Husebøkrinsen bygdelag | bygging av kloppar, Hjertåsfjellet etc. Vidare arbeid Storafjellet | 14 200 | 7 500 | |
| Mjåtveitlvens forening | Betre tilgang langs elva, kloppar, merking | 20 000 | 7 500 | |
| Per Atle Sæle | Opprusting av gamlevegen over Mjåtveit, bnr 9, 10 og 1. | 70 000 | 35 000 | |
| Trening med mening | Frisbeegolfbane i Badevika | 35 000 | 17 500 | |

Tilskot til kulturminnevern:

Særskilte føresegn: Tilskotet skal brukast til å gjennomføre utbetringar, rehabilitering, restaurering og sikringstiltak i samsvar med objektet sin historiske og antikvariske tradisjon. Tiltaka som blir støtta må gjennomførast ut frå at objektet er verdifullt som kulturminne, òg med tanke på den immaterielle kulturhistoriske verdien. Det må takast omsyn til val av material og utforming så langt det lar seg gjere og vere tilnærma lik som i dag. Tilskotet skal rapporterast med innsendt rapport med frist 01.12.2017. Dersom dette ikkje er mogleg skal det sendast søknad om utsetting til tenestoområde kultur i god tid før frist. Tilskotet vil verte krevd betalt tilbake om ikkje godkjend rapport leverast.

| | | | | |
|--------------------------------------|----------------------------|--------|--------|--|
| Idar Åserud-Løvlid | Vidare arbeid, brakeløe | 40 000 | 40 000 | |
| Kari Skjelanger | Steinkjellar på Husebø | 75 000 | 40 000 | |
| Kjell Hjertås | Tømra uthus ved Holmestova | 50 000 | 50 000 | |
| Nordhordland veteranbåtlag, DS Oster | Vedlikehald | 10 000 | 10 000 | |

Tilskot til leikeplassar:

Særskilte føresegn: Tilskot til leikeplass blir tildelt til opparbeiding av leikeplassar med inntil 50% av samla kostnad, medrekna eventuell dugnad, og opp til kr 20 000 per leikeplass. Tilskotet skal rapporterast med innsendt rapport med frist 01.12.2017. Dersom dette ikkje er mogleg skal det sendast søknad om utsetting til tenestoområde kultur i god tid før frist. Tilskotet vil verte krevd betalt tilbake om ikkje godkjend rapport leverast.

| | | | | |
|---------------------------|------------------------------|--------|--------|---------------------|
| Austebygda fritidspark | Leikeplass for dei minste | 14 000 | 12 500 | |
| Holsbergstien velforening | Gatetun | 50 000 | 0 | Utanfor verkeområde |
| Husebøkrinsen Bygdelag | Lys i ballbinge | 6 800 | 0 | Andre ordningar |
| Jonsokgrenda velforening | Ekstra fotballmål, meir sand | 8 000 | 0 | Andre ordningar |
| Lonerenen velforening | Sandkasse, diverse stativ | 20 000 | 12 500 | |
| Nordre Austebygd vel | Multifunksjons leikeapparat | 49 149 | 20 000 | |

| | | | | |
|---------------------------------|------------------|--------|--------|--|
| Eierseksjon Tjørnavegen 6-20 | Leikeplassutstyr | 32 825 | 12 500 | |
|---------------------------------|------------------|--------|--------|--|

Tilskot til song og musikk:

| | | | | |
|--|--|--------|--------|--|
| Levande Lys | Materiell, instrument | 6 000 | 6 000 | |
| Linda Røyseth Sandhåland, Leif Johnsen, Agnar Sagstad | Dokumentasjon av framsyninga <i>Gjest Bårdsen</i> | 8 000 | 3 000 | |
| Meland Musikklag | Oppgradering instrument | 50 000 | 20 000 | |
| Meland mållag, Måltråstena | Drift | 10 000 | 5 000 | |
| Octavia Meland ungdomskantori | Drift og rekruttering | 10 000 | 10 000 | |
| Rossland skulekorps | Opprusting instrument, rekruttering | 50 000 | 45 000 | |
| Sagstad skulekorps | Oppgradering instrument, rekruttering | 50 000 | 45 000 | |
| Skala Brassband | Notar og instrument | 15 000 | 10 000 | |
| Songkoret Vågen | Kurs, seminar, arrangement | 10 000 | 2 000 | |
| Strilongane barnekor | Utstyr, arrangement | 5 000 | 5 000 | |

Tilskot til idrettslag:

Innstilling frå Meland idrettsråd, basert på medlemstal barn og unge frå 2016.

| | | | | |
|------------------------------|--|--------|--------|---|
| Frekhaug Frisbeegolfklubb | | 10 000 | 0 | Nystifta, hadde ikkje medlemmer i 2016 |
| IL Kvernbit | | 54 046 | 54 057 | |
| Meland Golf | | 18 670 | 18 681 | |
| Meland Motorsportklubb | | 6 451 | 6 462 | |
| Meland Skyttarlag | | 8 350 | 8 361 | |
| Nordre Holsnøy IL | | 20 591 | 20 605 | |
| Nordhordland Dykkerklubb | | 3 851 | 3 862 | |
| Nordhordland Padleklubb | | 4 693 | 4 704 | |
| Nordhordland Seilforening | | 3 257 | 3 268 | |

Tilskot til drift av idrettsanlegg:

Innstilling frå Meland idrettsråd, basert på driftskostnadar ved anlegga og rådet si oppfølging av prioriteringar i *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*.

| | | | | |
|----------------------------|--|---------|---------|-------------------------|
| IL Kvernbit | Drift/vedlikehald Fossemyra | 240 000 | 240 000 | Har driftsavtale/PUK |
| Nordre Holsnøy IL | Drift/vedlikehald Leirdalen | 90 000 | 90 000 | |
| Meland Motorsportklubb | Drift/vedlikehald motocrossbane | 95 000 | 95 000 | |
| Meland Skyttarlag | Drift/vedlikehald skytebane Espetveit | 90 000 | 90 000 | |
| Meland Golf | Drift/vedlikehald Meland Golf | 90 000 | 90 000 | |
| Nordhordland Padleklubb | Drift/vedlikehald Flatøy | 45 000 | 45 000 | |

Folkehelse

Tilskota er sentrale for folkehelsa i kommunen

Miljø

Ikkje vurdert særskilt i saka

Økonomi

Tilskota går over ansvara 500 – 504, kontoart 14 700

Konklusjon

Innstillinga til fordeling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg i Meland kommune 2017 ligg føre. Tilskota er svært viktige for den omfattande frivillige innsatsen i kommunen og vil vere med å stimulere til positive kulturaktivitetar for innbyggjarane.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår godkjenner fordelinga av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg i Meland 2017 slik ho ligg føre i vurderinga»

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Helge Kvam | FE - 033 | 17/1196 |

| | | | |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 54/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Møteplan for Utval for levekår haust 2017

Vedlegg:

Politisk møteplan hausten 2017 1. utkast

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det skal utformast møteplan for Utval for levekår haust 2017.

Aktuelle datoar kan vere:

- Tir. 5. september kl 0900
- Tir. 31. oktober kl 0900
- Tir. 28. november kl 0900

Vurdering

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår godkjenner møteplan for hausten 2017 med følgjande datoar:»

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------------|-------|------------|
| Rita C. Kvalheim Sætre | | 17/1107 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------|-------------------|------|------------|
| 55/2017 | Utval for levekår | PS | 30.05.2017 |

Aktuelle saker